



Knarvikloftet AS
Knarvik Senter
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/19 - 18/11504

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
10.04.2018

Etterlyser årsrapport for fettutskiljar - gbnr 188/348 - Førehandsvarsel om tilsyn

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport for fettutskiljar anlegg ved gbnr 188/348 med adresse Kvernhusmyrane 3. Frist for innsending av rapport var 01.02.2018.

Som abonnent på avløpstenester i Lindås kommune er Knarvikloftet AS ansvarleg for at det vert sendt inn dokumentasjon på utskiljaranlegg ved Knarvikloftet. Dokumentasjon skal vise at anlegg tilfredstillar krav til utslepp. Som grunneigar er Knarvikloftet AS juridisk ansvarleg for anlegg som er knytt på kommunalt leidningsnett.

Teknisk drift ber Dykk om å få sendt inn årsrapport for utskiljaranlegg omgåande. Rapport skal ha følgjande dokumentasjon:

- Dokumentasjon på at det er gjennomført minst 3 tømminger for 2017.
- 2 Temperaturlogger som viser at anlegg stettar krav til fettinnhald i utsleppsvatn. Temperaturlogg skal være utført over 3 døgn og når anlegg er i full drift.
- Drift og vedlikehaldsrapport for anlegg

Lindås kommune skal føre kontroll over alle utskiljaranlegg som har utslepp av fetthaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett. Det er viktig at kommunen får kontroll over anlegga slik at ein unngår utslepp av fett på kommunalt leidningsnett, pumpestasjoner og reinseanlegg. Fett som vert avsett i kommunalt nett og som vert ført til pumpestasjoner og reinseanlegg medføre store drifts- og vedlikehaldskostnader for kommunen. Dette er kostnader som kommunen må dekke via gebyr eller ved å fakturere den ansvarlege for utslepp av fetthaldig avløpsvatn.

Fett som avleirast i leidningsnett kan òg medføre at ein får tilbakeslag av fetthaldig avløpsvatn/kloakk i bygg. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje er ansvarleg for slike hendingar. Den einskilde huseigar må sjølv sørge for å få utbeta og dekke kostnaden ved slike hendingar.

Frist for innsending av årsrapport vert sett til: måndag 30.04.2018.



Førehandsvarsel om tilsyn:

På bakgrunn av manglende rapportering av anlegg ser vi eit behov for å føre tilsyn med anlegg i kommunen. Teknisk drift gir med dette brev eit førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved Knarvikloftet. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Knarvikloftet AS

Knarvik Senter 5914

ISDALSTØ